



Bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal i Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalsbøndene er svært oppgitte over Stoltenberg & Co heiter det i ei uttale som kom laurdag kveld. Bøndene meiner at regjeringa ikkje tek ansvar for å auka matproduksjonen i landet. Vidare heitar det i uttala frå leiar i bondelaget Olav Hjetland Bringedal:**

Det er uaktuelt å ta ansvar for ein jordbruksavtale som ikkje tek Stortingets vedtak om auka matproduksjon på alvor.

Regjeringa har sjølv bidrege til å byggja opp forventningane blant bønder over heile landet ved å sei at jordbruksoppgjeret skulle konkretisera landbruksmeldinga med offensive tiltak.

I landbruksmeldinga kjem det klart fram at ein skal auka matproduksjonen i takt med folketalsveksten, om lag 1% årleg.

Landbruksorganisasjonane og regjeringa er samde om at auka inntekt er det beste verkemiddelet for å nå målet om auka matproduksjon og sikra rekrutteringa til yrket.

Det er difor skremmande å sjå at staten no tilbyr bøndene 13.000 kroner per årsverk, medan andre grupper får over 17.000 kroner.

Frå før ligg bøndene langt etter andre samanliknbare grupper inntektsmessig.

Det bør ikkje vera overraskande at bøndene bryt forhandlingane på eit så lavt og defensivt tilbod.

Det verkar underleg for bøndene at trygg norskprodusert mat ikkje vert høgare verdsett av regjeringa. Dette til tross for auka oppslutning frå det norske folk som i stor grad ynskjer norske jordbruksprodukt.

I dagane som kjem vil ein merka at bøndene er misfornøgde med tilbodet frå staten og dei vil gjennomføra aksjonar i tre fasar.

Dette kjem også til å merkast på det sterkaste i Kvinnherad. sluttar leiaren